



Lag og organisasjonar i Alver kommune

28.06.2019

## Invitasjon til å ha stand/utstilling på «Alverdagen»

Me inviterer lag og organisasjonar til å stilla med stand/utstilling på Alverdagen, som vert arrangert laurdag 19. oktober kl. 11.00-15.00 i Knarvik arena (same bygg som den nye barneskulen i Knarvik).

Arrangementet skal vera ein møteplass for heile den nye kommunen der frivilligheit, aktivitet og det gode liv i Alver skal vera i fokus. Målet er at dagen skal bidra til å skapa ei fellesskapskjensle blant alverbuane og ei stoltheit over alt den nye kommunen har å by på.

I tillegg til stand/utstillingar med lag og organisasjonar, vil også Alver kommune stilla med egne utstillingar der ein kan gjera seg kjend med mange av tilboda til den nye kommunen. Det vil også verta ei rekkje aktivitetar og kulturinnslag i løpet av dagen, og sjølvstøtte høve til å kjøpa mat.

Me oppfordrar lag og organisasjonar til å melda seg på Alverdagen innan 8. september og stilla med ein stand/utstilling som viser kva de driv med på ein spanande og kreativ måte. Dei fleste utstillingane skal vera inne i bygget, men om nokon ynskjer å stilla med t.d. båtar, bilar, dyr eller anna som eignar seg best ute eller som er plasskrevjande, vil det vera nokre utstillingsplassar utanfor bygget. Det er veldig kjekt om de har aktivitetar knytt til dykkar stand som t.d. høve til å laga noko, prøva ein aktivitet eller ein konkurranse. Det vil også vera høve til å selja produkt, der inntekta går til laget.

Det vil verta kåring av beste stand med ein fin premie til vinnaren!

**Påmeldingsfrist er 8. september.** NB: avgrensa tal på plassar.

For meir informasjon og påmelding, sjå [www.alverkommune.no/alverdagen](http://www.alverkommune.no/alverdagen)

Har du spørsmål, ta kontakt med kulturkonsulent Arnhild Kannelønning på e-post: [arnhild.kannelonning@meland.kommune.no](mailto:arnhild.kannelonning@meland.kommune.no), tlf. 56 17 10 65 / 975 15 928.

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne  
Kultursjef  
Alver kommune

Eileen Marie Feste  
Konstituert kultursjef  
Lindås kommune

Bente K. Hervik  
rådgjevar kultur  
Radøy kommune

---

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ  
Tlf. 56 37 50 00  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Meland kommune  
Havnevegen 41  
5918 FREKHAUG  
56 17 10 00  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER  
Tlf. 56 34 90 00  
[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)